

Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref:
Vår ref: 2020/229807
Dato: 29.03.2021
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



UTTALE TIL HØYRING AV REVISJONSDOKUMENT FOR REGULERINGA AV ARNAFJORD OG VIKVASSDRAGA I VIK, AURLAND OG VOSS KOMMUNAR

Vi viser til *Høring av revisjonsdokument for reguleringa av Arnafjord og Vikvassdraga i Vik, Aurland og Voss kommunar* som blei oversendt frå Norges Vassdrags- og energidirektorat 02.12.2020.

Uttale i relasjon til lov om dyrevelferd

Lov om dyrevelferd blir forvalta av Mattilsynet og omfattar forhold som påverkar velferd hjå dyr og fisk. Det er uklart i kva grad reglane i denne loven skal vektleggjast i samband med behandling av vassdragskonsesjonar.

På eit generelt grunnlag meiner vi at vassregulering kan ha påverknad på velferden til fisk i vassdrag som blir råka av regulering. Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i at regulering av vassføring direkte påverkar fisken sitt tilgjengelege leveområde og at vassreguleringa med det også kan påverke velferden til fisken.

Ved regulering av vassdrag ser vi på liten vassføring og raske endringar i vassføringa som ein risiko for negativ påverknad på fisken og fiskevelferden. Tilstrekkelege mengder vatn er essensielt for at fisk skal kunne leve i vassdraga og ein føresetnad for god fiskevelferd. Rask reduksjon i vassføring kan føre til at fisk blir fanga på grunt vatn eller i pyttar med svært låg eller ingen vassutskifting. Fisk som blir fanga i pyttar eller på grunt vatn har stor risiko for redusert velferd som ein direkte konsekvens av lite tilgjengeleg vatn, redusert vasskvalitet og auka fare for predasjon.

På eit generelt grunnlag vurderer vi det som fordelaktig med tiltak som sikrer adekvat vassføring i vassdraga som er råka av regulering. Reduksjon i vassføring bør skje så langsamt at fisken har ein reell moglegheit til å flytte seg frå grunne områder til djupare vatn.

Med helsing

Henrik Botnevik

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*